



Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Bergen, 2.2.2011

Høringsuttale om Herand kraftverk

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) er sterkt skeptisk til at Herand Kraft AS skal få konsesjon til å byggja ut Storelvi i Herand, Jondal kommune med ein effekt på 25 MW og ein produksjon på ca. 75 GWh. Dette grunnar vi på følgjande:

Generelt.

Utbyggaren har lagt fram ein plan med fire alternativ. Tre av dei har inntaket i Fodnastølvatnet (570 moh) og inneber at vassføringa i Fodnastølfossen blir redusert med 70%. Alternativ 1 og 2 har ein kort tunnel og resten av den 2870 meter lange strekninga i nedgravd røyrgate, mens Alternativ 3 har heile strekninga i tunnel. Alternativ 4 har derimot inntak ved Galtasete bru nedanfor Fodnastølfossen og røyrgate vidare nedover. Både i Alternativ 1, 2 og 4 kryssar røyrgata elva ovanfor Drivfoss ved eit gammalt hjortetrekk. I alternativ 4 er det ei oppdemming på 5 meter ved Galtasete, slik at det blir ein kunstig dam som vil erstatta brua på den gamle buførevegen til Fodnastølen.

Naturmiljø og biologisk mangfald.

I tillegg til Fodnastølfossen er det tre andre mindre fossar i Storelvi, det er rekna ovanfrå Drivfoss, Rogjelfossen og Kalvafossen. Dei får vassføringa redusert med 50-70% ved alle fire alternativa. Det er rekna med ei minstevassføring varierende frå 0.22 m³/s om vinteren til 0.4 m³/s i sommarmånadene (mai-september).

Konsekvensanalysen viser at reduksjonen i vassføring vil få alvorlege konsekvensar for den sårbare vegetasjonen i elvekløfta langs Storelvi, og spesielt i fossesprøytona og fosseengene nedanfor fossane, og i den bratte nordskrånigen ved Drivfoss. Det heiter nemleg på s. 51: *"Den føreslegne minstevassføringa er ikkje tilstrekkeleg for å oppretthalda desse verdiane, i det minste ikkje i sommarhalvt, då vassføringskurvene viser at Storelvi har svært høg vassføring i normalår"*, og vidare: *"Det er viktig å understreka at fosseenger er ein viktig naturtype i seg sjølv, uavhengig av kva for artar dei måtte hysa."* Ved Kalvafossen, som ligg i edellaavskogen lenger ned i vassdraget, er det påvist over 50 moseartar, og potensialet for raudlista artar er høgt, sjølv om det ikkje er funnen nokon hittil. Konsekvensanalysen seier at redusert vassføring vil føra til tørrare miljø, som igjen vil kunna føra til redusert artsmangfald.

Det må takast med i vurderinga at Herandsvatnet er overvintringsstad for raudlistarten sangsvane og for laksand og krikkan. Det er frå lokalbefolkning også opplyst at sangsvane har vore observert i Fodnastølvatnet. Den store minken i vassføringa i Storelvi vil føra til langt mindre produksjon av botnfauna i elva. Dette vil i seg sjølv minska det biologiske mangfald, men vil også medføre at vatnet som renn ut i Herandsvatnet vil vera mindre næringsrikt og dermed endra balansen mellom næringskvaliteten i vatnet, fisk og høgareståande artar. I tillegg vil tilhøva for andre fuglar og pattedyr som er knytta til og lever langs vassdraget verta forverra når næringsinnhaldet i elva minkar.

Lokalt har det tidligare vore vurdert og utgreidd eit alternativ med inntak nedanfor for Galtasete bru. Dette har vore vurdert som eit prosjekt med langt betre økonomi og med et betydelig betre forholdstal mellom anleggskostnader og stipulert effekt av kraftverket. Tap av fallhøgde ved etablering av inntak nedom Galtasete bru kontra Fodnastøl er marginal, men med ein tydeleg gevinst i form av mindre inngrep i natur og miljø. Me ber difor NVE om å pålegge Herand Kraft, på grundig og fagleg forsvarleg grunnlag, å få utgreidd eit mindre omfangsrikt utbyggingsalternativ med inntak nedom Galtasete bru.

Landskap og friluftsliv

Naturvernforbundet Hordaland støttar kritikken frå Følgefonni Breførrarlag i at det verkar som om ulempene ved Alternativ 4 er noko overdimensjonert i høve til ulempene ved dei tre andre alternativa, og inngrepet med å regulera vasstanden i Fodnastølvatnet med ein terskel er forsøkt bagatellisert. Kostnadene ved Alternativ 4 er

også urimeleg høge i forhold til dei andre alternativa, til dømes når det gjeld dimensjoneringa av tunnelane og masseuttaket. Dette kan ha samband med at nokre av grunneigarane har fordelar av at Alternativ 1, 2 eller 3 blir valt, dersom dette er tilfelle, er det i så fall svært kritikkverdige. Naturvernforbundet kjenner til at det har vore usemje mellom grunneigarane om ein skulle søkja om å ta med elvestrekkja ovanfor Galtasete bru i konsesjonssøknaden (alt. 1, 2 og 3). Som kjent gjekk Jondal kommunestyre inn for Alternativ 3. Skilnaden mellom Alternativ 4 og dei tre andre alternativa er ubetydeleg, kring 4 GWh. Ein kan med god grunn spørja kvifor Herand kraft og kommunestyret i Jondal har valt bort det alternativet som er det samfunnsøkonomisk mest lønnsame, og om det er omsynet til nokre få enkeltpersonar og grunneigarar som har vore avgjerande for konklusjonen.

Våren 2008 fekk Herand to ulike kulturlandskapsprisar, ein regional og ein nasjonal. I tillegg er Herand i år vorte valt til Noreg sin kandidat i tevlinga om den europeiske kulturlandskapsprisen. Dette er ein velfortent heider for det fantastiske arbeidet som er gjort i bygda for å skape nytt liv og betre trivnad for både turistar og fastbuande. Det er såleis ein slåande ironi i det at ei stor gruppe grunneigarar i same bygda ynskjer å rasere kultur og naturlandskapet i kringliggjande område. Dei ytre rammene kring Herand er sjølve grunnlaget for dei unike opplevingsverdiene som ligg i bygda, og då særleg fjellområda innover mot Herandsfjellet. Eit kulturlandskap strekkjer seg langt utover kjerna i bygda og omfattar i særleg grad områda som har vore nytta til stølsdrift og beiting. Kva er vel kulturlandskapet utan at desse områda får vere i fred?

Fodnastølfossen er den største naturattraksjonen i Herand og har svært mykje å seia for den naturbaserte turismen i framtida. Alternativ 1, 2 og 3 vil redusere den mektige fossen til ein liten sildrebekk, og den kunstige terskelen vil gjera at den resterande vassføringa blir jamna ut over året, og dei naturlege årstidsvariasjonane blir borte. Kva dette naturinngrepet har å seia i kroner og øre, er det uråd å seia, men dersom det skjer, blir det i alle høve vanskeleg eller uråd å marknadsføre Herand som eit europeisk naturarvområde, slik det er tale om, og det betyr i sin tur mindre inntekter i framtida av naturbasert turisme, ein ressurs det vil bli stadig større etterspørsel etter. Elvekløfta med den storslåtte Drivfoss, og dei tre andre tilhøyrande fossane Kalvafossen, Rogjelsfossen og Fodnastølfossen, har ein stort opplevingsverdi og eit stort opplevingspotensiale. Det kan tilretteleggjast med stiar i tilknytning til eksisterande stiar, slik at ein oppleva elva og elvekløfta på nært hald. Med den tiltaksevna bygdelaget i Herand har lagt for dagen, vil dette la seg realisere. Fleire stader i landet er det lagt til rette for å ta seg fram langs elvejuv og djupe elvekløfter. I Kjøsterudjuvet i Drammensmarka, er det er opparbeida sti som vert mykje nytta, blant anna av skuleklassar for å oppleva ein særmerkt landskapstype. Dette er eit juv med loddrette vegger, i utgangspunktet langt vanskelegare tilgjengeleg enn elvekløfta langs Storelvi.

Dei verdiane som vassdragsnaturen i Herand representerer dersom elva får renna fritt, er langt større enn den kortsiktige gevinsten som utbygginga medfører. Alt i dag besøker 5 000 turistar årleg Herand og deltar i turar oppover Storelvi mot Herandsfjellet og nasjonalparken arrangert av Folgefonna Ecotourism AS og andre operatørar

Samfunnsøkonomi

Ein må i denne saka spørje seg kva som er dei samfunnsmessige konsekvensane av denne utbygginga? Denne typen anlegg er fyrst og fremst ei inntektskjelde til enkeltpersonar i eit lokalsamfunn. Storsamfunnet må koste utbygging av linjenettet for transport av straumen inn på regionsnettet, noko som såleis kan gjere kraftprisane lokalt høgare. Miljørørsla har i ei tid hatt problem med å halde tunga beint i munnen i høve utbygging av vasskraft. Me vil gjerne produsere "rein" energi slik at utsleppa av drivhusgassar vert reduserte. Dette er ei problemstilling som ikkje lenger er aktuell, då Noreg som det landet i verda som brukar mest straum pr innbyggjar, ikkje treng meir "rein" energi. Den kraftkrevjande industrien er også i endring, slik at det i framtida truleg ikkje vil verte same nytten av konsesjonskraft i desse næringane. Ein lyt difor halde fokus på å ivareta naturverdiar for dei komande generasjonar og også tenke langsiktig i høve ei berekraftig busetnad i diskstriks Noreg. Etter vårt syn er utbygging av den typen som Herand Kraftverk representerer ikkje ein framtidsretta strategi.

NVH ynskjer seg eit landskapsvernområde i randsona kring Folgefonna Nasjonalpark for å sikre at slike saker som dette ikkje skal dukke opp i åra framover. Folgefonnhalvøya med sitt kultur og naturlandskap må sjåast på som ein heilskap som i framtida vil kunne gje viktige arbeidsplassar ettersom turistindustrien alt no har fått får augo opp for området. Det har dei siste ti åra vorte lagt ned eit stort arbeid med å merkja og opprusta stiar på Folgefonnshalvøy, både over fjellet frå grend til grend, men óg stiar som går i langsetter i landskapet mellom fjellet og fjorden. Dette arbeidet har motteke til dels mykje tilskot frå Fylkesmannen si landbruksavdeling, knytta til bygdelagsarbeidet i kvar grend. Det siste som har skjedd, er at kommunane på Folgefonnshalvøya som ein av 15 stader i landet har vorte utpeika til å delta i Direktoratet for Naturforvaltning sitt verdiskapingsprogram,

Naturarven som verdiskapar. Kommunane har vedteke å skyta inn både økonomiske midlar og arbeidskraft i dette utviklingsprogrammet, som går ut på å rusta opp gamle stiar og ferdsselsvegar og generell satsing på næringsutvikling knytta til fotturisme i landskapet mellom fjorden og fjellet. Difor krev vi at utbygginga av Herand Kraftverk vert lagt på is til dess ein kan sjå alle dei mange vasskraftsakene i fylket i ein større regional kontekst. Ei slik storstilt utbygging som er planlagt i Herand må vere nøye vurdert i høve til nasjonale interesser, i høve kraftproduksjon og ikkje minst i høve til opplevingsverdiar i det særskilde verdifulle fjordlandskapet i Hardanger.

Heilskapsvurdering

Det finst ikkje faste kriterium for konsekvensvurderingar av landskapselement ved denne typen utgreiingar. Ettersom det ikkje skjer noko samla vurdering for vassdrag eller region, kan den planlause utbygginga av små og mellomstore kraftverk føre til at mange naturperler forsvinn. Langs Hardangerfjorden frå Maurangnes til Utne er det 40 mindre kraftverk berre i Kvinnherad og litt færre i Jondal kommune, som er planlagt eller under konsesjonsbehandling. Berre 10-20% av utbyggingane blir nekta konsesjon av NVE. Eit viktig landskapselement, vatn i fritt fall, er i ferd med å forsvinna langs heile fjorden, i denne planlause utbygginga. Ein stad må ein setje ned foten. Herand med si nasjonale særstilling i høve forvaltning av kulturlandskap bør vurderast med særleg skarpe augo. Skal Herand verte teken på alvor som kultur og naturformidlar, bør denne utbygginga stogkast. Eit landskap er ei dynamisk innretting som ikkje bør stogkast av statiske inngrep.

Vestlandet er frå før hardt råka av kraftutbygging. Mykje av denne krafta blei nytta til å skapa nye arbeidsplassar bygd på kraftkrevjande industri. Etter kvart som denne industrien no blir nedlagt eller flytta til lågkostland, blir vasskrafta som industrien bygde på, eksportert til andre land der straumprisen er langt høgare enn her, for at kraftselskapa skal tena endå meir pengar. Samstundes blir omsynet til klima og behovet for fornybar kraft brukt for alt det er verdt, for at kvar einaste elv i landet skal leggjast i røyf for å skaffa inntekter til kraftselskap, som i dei fleste tilfelle ikkje har noko tilknytning til lokalmiljøet i bygda der kraftverket ligg. Det er ikkje rett at vassdragsnaturen her i landet skal måtta betala prisen for at nordmenn skal halda fram med å sløsa med energi og at store kraftselskap skal kunna tena seg rike på den såkalla kraftkrisa, ei krise som kunne vore unngått dersom meir av krafta hadde vore brukt til lokal verdiskaping og dersom ein hadde oppmuntra til energisparing i staden for energisløsing.

Manglande kunnskapsgrunnlag

Den dårlege faglege kvaliteten på meldinga er synleggjort gjennom avsnittet som står om Naturmiljø. Ei formulering som at *”der eksisterer ein grusavsetning”* er for tynn og vitnar om dårleg fagspråk og lågt kunnskapsnivå. Denne såkalla grusavsetninga er ein randås som dokumenterer avslutninga av siste istid og er også eit prov for havnivå- historia i området. I tillegg er meldinga inkonsekvent i sin argumentasjon fleire stader. Deriblant kan nemnast at det innleiingsvis står at tiltaket vil stimulere til aktivitet i lokalsamfunnet, medan det i avslutninga er synt til at Herand Kraftverk etter anleggsperioden har lite konsekvensar for samfunnet og busetnad der.

Naturvernforbundet Hordaland har vidare merka seg at konsekvensanalysen inneheld svært lite om verknaden av inngrepet på fugl og fisk, og om virvellause dyr, som omfattar mesteparten av botndyrfaunaen i elva, heiter det at *”--- vi kjenner ikkje til at det er førekomstar av interessante artar innan influensområdet til det planlagte tiltaket. At det likevel finst eit stort artsmangfald frå denne gruppa, er rimeleg opplagt, men dette mangfaldet er som sagt tilnærma ukjent.”*

Dette manglar i konsekvensvurderinga:

1. **Hjortetrekk.** Det fins to hjortetrekk som kryssar den planlagte røyrgata, og som må utgreiast nærare
2. **Dyreliv.** Meldinga seier lite om kartlegging og førekomstar av oter, fossefall og andre truga artar i og kring vassdraget.
3. **Minstevassføring.** Dette er eit kritisk punkt, ein kan ikkje basere det på dagens minstevassføring, då blir det store endringar for plante- og dyrelivet. Vassdraget har alt fått vassføringa redusert med opp til 35% ved tidlegare utbyggingar, slik som etter reguleringa av Kvanngrøvatnet.
4. **Reguleringsgaranti.** Det må vera ein slags garanti som kan sikra at kravet om stabil vasstand i Fodnastølsvatnet, blir følgt. NVH stiller seg dessutan undrande til om ein kan påstå at Fodnastølsvatnet er uregulert, når ein planlegg å byggja ein terskel over utløpet for å jamna ut årstidsvariasjonane.
5. **Fisk og fiske.** Dette emnet er svært lausleg omtalt, og NVH meiner at ei utbygging vil få fatale konsekvensar både for auren og botndyrfaunaen, som auren lever av og det biologiske mangfaldet i Storelvi.

Konklusjon

Naturvernforbundet Hordaland minner om føre var-prinsippet og kravet om kunnskapsbasert forvaltning som no er nedfelt i den nye Naturmangfaldlova §9, der det heiter: *”Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger det en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap kunne brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.”*

Herand Kraft AS har ikkje teke omsyn til føre var-prinsippet i Naturmangfaldlova. Konsekvensutgreinga er mangelfull, og utbygginga er ikkje vurdert i eit heilskapleg regionalt eller samfunnsøkonomisk perspektiv. NVH går difor imot planane slik dei ligg føre. Av dei fire alternativa meiner vi likevel at Alternativ 4 er minst skadeleg, fordi det ikkje grip inn i Fodnastølfossen, sjølv om også dette alternativet er eit alvorleg inngrep i resten av vassdraget. Søknaden bør avvisast og sendt tilbake til utbygger fordi den ikkje oppfyller kravet om kunnskapsbasert forvaltning i Naturmangfaldlova §9 og fordi utbygginga ikkje er vurdert i eit samfunnsøkonomisk og heilskapleg perspektiv.

Med venleg helsing
For Naturvernforbundet Hordaland

Espen Edvardsen
leiar

Oddvar Skre (sign.)
saksbehandlar

Kopi til

- Miljøverndepartementet, 8013 Dep, 0030 Oslo
- Olje- og energidepartementet, Postboks 8148 Dep, 0033 Oslo
- Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga, Postboks 7310, 5020 Bergen